

LIFJELL RUNDT

Forstudierapport

FORORD

Dette forstudiet er laga for å gje kommunane eit breidt grunnlag for å gjere retningsval i kommunestrukturdebatten. Rapporten er bestilt av kommunane Notodden, Hjartdal, Seljord, Bø, Nome og Sauherad gjennom politiske vedtak.

Arbeidet med utviklinga av rapporten er gjennomført som eit felles prosjekt som er leia av styringsgruppa som består av dei seks ordførarane. Prosjektgjennomføringa er gjort av prosjektleiar i samarbeid med prosjektgruppa som består av dei seks rådmennene.

Det har vore ei referansegruppe i prosjektet som består av hovedtillitsvalgte og hovedverneombud frå kvar kommune.

Prosjektansvarleg har vore Per Dehli, rådmann i Seljord og prosjektleiar har vore Erling Rønnekleiv, regionrådssekretær i Midt-Telemarkrådet.



Sauland barnehage, Hjartdal kommune



Helsesektor, Bø kommune



Dyrskuplassen, Seljord kommune



Fruktlandskapet, Sauherad kommune



Telemark Teknologipark, Notodden kommune



Ulefoss skole, Nome kommune

BAKGRUNN

Ein forstudie om mogeleg kommunesamanslåing mellom kommunane Nome, Bø, Seljord, Hjartdal, Notodden og Sauherad.

Frå utgreiingsmandatet er følgjande leveranse bestilt:

1. Avklare kommunane sine posisjonar og vedtak
2. Avklare fordelar og ulemper med ei samanslåing
3. Avklare korleis innbyggjarane skal involverast
4. Avklare økonomiske tilhøve for den einskilde kommunen og den nye kommunen i grove trekk.
5. Greie ut prosess for gjennomføring til og med etablering av ny kommune. Klargjere korleis heile prosjektet kan gjennomførast.
6. Vurdere stortingets kriterier opp mot områda tenesteyting, myndighetsutøvelse, samfunnsutvikling og demokratisk arena. Kriterier er: tilstrekkelig kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkelig distanse, effektiv tenesteproduksjon, økonomisk soliditet, valfridom, funksjonelle samfunnsutviklingsområde, høy politisk deltakelse, lokal politisk styring og lokal identitet.

Regjering og Storting har i år gitt kommunane ei klår bestilling om å utgreie kven dei ynskjer å slå seg saman med. Eit stort fleirtal på Stortinget har gjeve startsignal til ein felles prosess i kommune-noreg der ein har som klart mål å slå saman ei rekkje mindre kommunar.

Avklare kommunane sine posisjonar og vedtak

Lifjell rundt består av 6 kommunar i Midt og Aust Telemark. Alle kommunane har slutta seg til mandat for felles forstudie for å skaffe seg kunnskapsgrunnlag for å drøfte aktuelle forslag til ny kommunestruktur.




GEOGRAFI

	Folketal	Areal km ²	Av dette skog	Av dette dyrka	Av dette by og tettbygd	Av dette industriareal
Bø	5 834	263	201	23,72	1,53	0,25
Hjartdal	1 602	791	485	11,61	0,05	0,07
Nome	6 643	430	335	29	2,16	0,25
Notodden	12 609	919	701	19,95	3,83	0,6
Sauherad	4 325	320	248	27,65	1,15	0,04
Seljord	2 989	715	450	12,4	0,56	0,19
Lifjell rundt	34 002	3 438	2 420	124,33	9,28	1,4

Befolkningsutvikling og arbeidsplassutvikling Lifjell rundt

Mange av illustrasjonane i rapporten nedanfor er henta frå KMD sitt verktøy for å sjå på mogelege nye kommunar på nykommune.no. [Modellen for våre kommunar finn du her.](#)

Samla folketal 1.1.14 er 34002. Med SSB midlane framskriving vil folketalet i 2040 vere over 38 000. I følge SSB vil veksten i hovudsak skje i Notodden, Bø og Seljord. Samla vekst er lågare enn landsgjennomsnittet.



Per 1. januar 2014 er samla befolkning i den nye kommunen 34 002

Kommune	2000	2007	2014
SAMLET	32 910	32 959	34 002
NOME	6 648	6 576	6 643
BØ	4 964	5 333	5 834
SAUHERAD	4 411	4 277	4 325
SELJORD	2 928	2 933	2 989
HJARTDAL	1 587	1 619	1 602
NOTODDEN	12 272	12 221	12 609

Tala for utviklinga av befolkninga er henta frå SSB. Dei har også berekna framskrivingar av folketalet på landsbasis og brote dei ned på kommunenivå etter ulike scenarier. Desse blir klassifisert som lågt, middels eller høgt anslag. For modellen øverst reknar ein at Lifjell rundt vil ha 38 008 innbyggjarar i 2040, dette er då etter den midlare utrekninga.

2020

Kommune	LÅGT	MIDDELS	HØGT
SAMLET	34 233	34 909	35 627
NOME	6 565	6 688	6 816
BØ	6 067	6 187	6 325
SAUHERAD	4 272	4 357	4 456
SELJORD	2 988	3 052	3 102
HJARTDAL	1 575	1 607	1 641
NOTODDEN	12 766	13 018	13 287

Næringsstruktur

Tabellen viser prosentdel sysselsette i dei ulike næringane i kommunane i 2013. Tal frå SSB



PRIMÆR



SEKUNDÆR



TERTIÆR

SAMLET	5 %	19 %	75 %
NOME	8 %	28 %	64 %
BØ (TELEM.)	4 %	21 %	75 %
SELJORD	5 %	16 %	79 %
HJARTDAL	17 %	20 %	63 %
NOTODDEN	2 %	16 %	82 %
SAUHERAD	11 %	17 %	72 %

Utvikling i antall arbeidsplasser

Sidan år 2000 er det Bø og Seljord som har hatt størst arbeidsplassvekst Lifjell rundt. Den relativt svake arbeidsplassveksten i Grenland er ei viktig årsak til manglende vekst i store delar av fylket. Både Nome, Notodden og Hjartdal har mista arbeidsplassar sidan 2000. Den sterke arbeidsplassveksten på Kongsberg er også viktig for Telemark – særleg for Notodden.

Kjelde: Telemarksbarometeret.

	2000	2006	2013	
KOMMUNE	Sysselsatte personer med arbeidssted i regionen	Sysselsatte personer med arbeidssted i regionen	Sysselsatte personer med arbeidssted i regionen	Utvikling i % 2000 til 2013
Bamble	5 470	5 442	5 029	-8,06
Bø	2 364	2 563	2 783	17,72
Drangedal	1 157	1 170	1 233	6,57
Fyresdal	551	577	530	-3,81
Hjartdal	612	590	583	-4,74
Kragerø	4 318	4 436	4 454	3,15
Kviteseid	1 111	1 113	1 206	8,55
Nissedal	543	580	656	20,81
Nome	2 455	2 314	2 381	-3,01
Notodden	5 578	5 467	5 380	-3,55
Porsgrunn	17 582	17 691	17 992	2,33
Sauherad	1 380	1 470	1 391	0,80
Seljord	1 415	1 589	1 624	14,77
Siljan	475	505	484	1,89
Skien	23 120	23 921	25 086	8,50
Tinn	3 049	2 946	2 828	-7,25
Tokke	1 074	1 073	1 080	0,56
Vinje	1 679	1 721	1 737	3,45
Lifjell rundt	13 804	13 993	14 142	2,45
Telemark	73 933	75 168	76 457	3,41
Midt-Telemark	6 199	6 347	6 555	5,74
Kongsberg	12909	14323	16809	30,21

Pendling

VELG KOMMUNER	KART	BEFOLKNING	SYSSELSETTING	KOMMUNEØKONOMI	LAST NED RAPPORT
---------------	------	------------	---------------	----------------	------------------

SAMLET	16.184 ARBEIDS- TAKERE	12.391 PENDLER IKKE	755 SKIEN	732 KONGSBERG	506 OSLO	311 PORSGRUNN	159 KVITSEID	1.330 ANDRE
NOME	3.112 ARBEIDS- TAKERE	1.762 PENDLER IKKE	410 SKIEN	294 BØ (TELEM.)	137 PORSGRUNN	98 SAUHERAD	82 OSLO	329 ANDRE
BØ (TELEM.)	2.788 ARBEIDS- TAKERE	1.668 PENDLER IKKE	234 SAUHERAD	153 NOME	119 NOTODDEN	109 SELJORD	102 SKIEN	403 ANDRE
SELJORD	1.484 ARBEIDS- TAKERE	995 PENDLER IKKE	91 KVITSEID	60 BØ (TELEM.)	57 OSLO	29 SKIEN	28 NOTODDEN	224 ANDRE
HJARTDAL	808 ARBEIDS- TAKERE	427 PENDLER IKKE	180 NOTODDEN	41 OSLO	37 SELJORD	21 KONGSBERG	14 SKIEN	88 ANDRE
NOTODDEN	5.864 ARBEIDS- TAKERE	4.132 PENDLER IKKE	608 KONGSBERG	161 OSLO	114 HJARTDAL	96 SKIEN	91 SAUHERAD	662 ANDRE
SAUHERAD	2.128 ARBEIDS- TAKERE	858 PENDLER IKKE	372 BØ (TELEM.)	316 NOTODDEN	112 NOME	104 SKIEN	68 OSLO	298 ANDRE

UTPENDLING

INNPENDING

VELG KOMMUNER	KART	BEFOLKNING	SYSSELSETTING	KOMMUNEØKONOMI	LAST NED RAPPORT
---------------	------	------------	---------------	----------------	------------------

SAMLET	12.391 PENDLER IKKE	334 SKIEN	205 KVITSEID	149 KONGSBERG	121 OSLO	103 VINJE	839 ANDRE
NOME	1.762 PENDLER IKKE	159 SKIEN	153 BØ (TELEM.)	112 SAUHERAD	25 PORSGRUNN	18 DRANGEDAL	152 ANDRE
BØ (TELEM.)	1.668 PENDLER IKKE	372 SAUHERAD	294 NOME	68 NOTODDEN	60 SELJORD	52 SKIEN	269 ANDRE
SELJORD	995 PENDLER IKKE	156 KVITSEID	109 BØ (TELEM.)	58 VINJE	42 TOKKE	37 HJARTDAL	227 ANDRE
HJARTDAL	427 PENDLER IKKE	114 NOTODDEN	9 SELJORD	8 KVITSEID	3 KRAGERØ	3 SAUHERAD	19 ANDRE
NOTODDEN	4.132 PENDLER IKKE	316 SAUHERAD	180 HJARTDAL	132 KONGSBERG	119 BØ (TELEM.)	68 SKIEN	433 ANDRE
SAUHERAD	858 PENDLER IKKE	234 BØ (TELEM.)	98 NOME	91 NOTODDEN	26 SKIEN	11 SELJORD	73 ANDRE

UTPENDLING

INNPENDING

Frå Knut Vareide – Telemarksforskning har vi fått følgjande oppstilling over pendling og arbeids-
plassutvikling

Pendlingsmatrise 2013

		Arbeidssted										
		Kongsberg	Porsgrunn	Skien	Notodden	Nome	Bø	Sauherad	Hjartdal	Seljord	Utenfor	Sysselsatte
Bosted	Kongsberg	11376	6	12	132		9	6	2		2360	13903
	Porsgrunn	46	9394	4164	24	25	27	7		7	3420	17114
	Skien	61	4616	17192	68	159	52	26	1	28	3484	25687
	Notodden	608	64	96	4132	12	68	91	114	13	666	5864
	Nome	6	137	410	38	1762	294	98	1	31	335	3112
	Bø	27	36	102	119	153	1668	234	1	109	339	2788
	Sauherad	64	51	104	316	112	372	858	3	26	222	2128
	Hjartdal	21	2	14	180	2	4	4	427	37	117	808
	Seljord	6	21	29	28	9	60	11	9	995	316	1484
	Utenfor	4594	3665	2963	343	147	229	56	24	378	11259	71404
	Arbeidsplasser	16809	17992	25086	5380	2381	2783	1391	583	1624	74029	

Pendlingsmatrise 2000

		Arbeidssted										
		Kongsberg	Porsgrunn	Skien	Notodden	Nome	Bø	Sauherad	Hjartdal	Seljord	Utenfor	Sysselsatte
Bosted	Kongsberg	9891	7	10	128	1	3	3	3		2051	12097
	Porsgrunn	10	9850	2998	17	10	3	4		4	2710	15606
	Skien	21	4075	16654	49	96	33	22	1	6	3185	24142
	Notodden	301	77	107	4315	17	49	100	114	10	608	5698
	Nome	7	130	419	41	1951	235	62		16	303	3164
	Bø	16	50	99	99	153	1522	183	1	75	326	2524
	Sauherad	32	49	9	358	93	281	916	10	15	223	2068
	Hjartdal	16	6	11	197	1	2	14	434	20	95	796
	Seljord	8	17	46	26	12	57	8	15	1024	288	1501
	Utenfor	2607	3321	2685	348	121	179	68	34	245	9789	66095
	Arbeidsplasser	12909	17582	23120	5578	2455	2364	1380	612	1415		

Pending, andel av sysselsettinga 2013

		Arbeidssted										
		Kongsberg	Porsgrunn	Skien	Notodden	Nome	Bø	Sauherad	Hjartdal	Seljord	Utenfor	Sysselsatte
Bosted	Kongsberg	81,8	0,0	0,1	0,9	0,0	0,1	0,0	0,0	0,0	17,0	13903
	Porsgrunn	0,3	54,9	24,3	0,1	0,1	0,2	0,0	0,0	0,0	20,0	17114
	Skien	0,2	18,0	66,9	0,3	0,2	0,2	0,1	0,0	0,1	13,6	25087
	Notodden	10,4	1,1	1,6	70,5	0,2	1,2	1,6	1,9	0,2	11,4	5861
	Nome	0,2	4,4	13,2	1,2	56,6	9,4	3,1	0,0	1,0	10,8	3112
	Bø	1,0	1,3	3,7	4,3	5,5	59,8	8,4	0,0	3,9	12,2	2788
	Sauherad	3,0	2,4	4,9	14,8	5,3	17,5	40,3	0,1	1,2	10,4	2128
	Hjartdal	2,6	0,2	1,7	22,3	0,2	0,5	0,5	52,8	4,6	14,5	808
	Seljord	0,4	1,4	2,0	1,9	0,6	4,0	0,7	0,6	67,0	21,3	1484
	Utenfor	27,3	20,4	11,8	6,4	6,2	8,2	4,0	4,3	23,3		72888
	Arbeidsplassar	16809	17992	25086	5380	2381	2783	1391	583	1624	74029	


Endringar frå 2000 til 2013, prosent av sysselsetting i 2000, unntatt vekst arbeidsplassar som er prosent av arbeidsplassar 2000.

		Arbeidssted										
		Kongsberg	Porsgrunn	Skien	Notodden	Nome	Bø	Sauherad	Hjartdal	Seljord	Utenfor	Vekst Sysselsatte
Bosted	Kongsberg	0,1	0,0	0,0	-0,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	14,9
	Porsgrunn	0,2	-8,2	5,1	0,0	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0	2,6	9,7
	Skien	0,2	1,1	-2,1	0,1	0,2	0,1	0,1	0,0	0,1	0,4	6,4
	Notodden	5,1	-0,3	-0,2	-5,3	-0,1	0,3	-0,2	-0,1	0,0	0,7	2,9
	Nome	0,0	0,3	-0,1	-0,1	-5,0	2,0	1,2	0,0	0,5	1,2	-1,6
	Bø	0,3	-0,7	-0,3	0,3	-0,6	-0,5	1,1	0,0	0,9	-0,8	10,5
	Sauherad	1,5	0,0	0,5	-2,5	0,8	3,9	-4,0	-0,3	0,5	-0,4	2,9
	Hjartdal	0,6	-0,5	0,4	-2,5	0,1	0,2	-1,3	-1,7	2,1	2,5	1,5
	Seljord	-0,1	0,3	-1,1	0,2	-0,2	0,2	0,2	-0,4	-1,2	2,1	-1,1
	Utenfor	7,1	1,5	0,2	0,1	1,2	0,7	-0,9	-1,3	6,0	0,0	
	Vekst arb.pl.	23,2	2,3	7,8	-3,7	-3,1	15,1	0,8	-5,0	12,9		

NÆRINGSLIV OG NÆRINGSSTRUKTUR



Bø og Hjartdal

Næringsstrukturen i kommunane Lifjell rundt er samansett av mange næringar utan at ei eller nokre få næringar er dominerande. Telemarksforsking lagar her eit bilete på kor stor kvar næring i kommunen er i høve til landsgjennomsnittet rekna pr innbyggjar. Landsgjennomsnittet er sett til verdien 1. Altså der verdien er høgare enn 1 er næringa viktigare pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Der han er lågare enn 1 er næringa mindre i våre kommunar enn landsgjennomsnittet.




Nome og Notodden

Næringsstrukturen i kommunane Lifjell rundt er samansett av mange næringar utan at ei eller nokre få næringar er dominerande. Telemarksforsking lagar her eit bilete på kor stor kvar næring i kommunen er i høve til landsgjennomsnittet rekna pr innbyggjar. Landsgjennomsnittet er sett til verdien 1. Altså der verdien er høgare enn 1 er næringa viktigare pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Der han er lågare enn 1 er næringa mindre i våre kommunar enn landsgjennomsnittet.



Seljord og Sauherad

Næringsstrukturen i kommunane Lifjell rundt er samansett av mange næringar utan at ei eller nokre få næringar er dominerande. Telemarksforsking lagar her eit bilete på kor stor kvar næring i kommunen er i høve til landsgjennomsnittet rekna pr innbyggjar. Landsgjennomsnittet er sett til verdien 1. Altså der verdien er høgare enn 1 er næringa viktigare pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Der han er lågare enn 1 er næringa mindre i våre kommunar enn landsgjennomsnittet.



Ut frå desse bileta kan ein sjå at alle kommunane og regionen samla er avhengig av utviklinga i fleire næringar for vidare arbeidsplassutvikling. Det er variasjonar mellom storleiken på næringane i dei ulike kommunane, noko som såleis kan indikere at næringsstrukturen samla er sterkare enn kvar for seg.

Kommunane sine posisjonar og vedtak

I forstudiefasen skjer det fleire parallelle utgreiingar i dei deltakande kommunane. Dette fordi kommunane som ser for seg ulike scenarier for framtida gjerne vil vurdere desse saman med denne forstudien før dei tek endeleg stilling til vegvalet vidare.

Nome kommune har gjort følgjande vedtak:

KS-052/14 VEDTAK:

1. Vedtak i kommunestyresak 102/13 utgår.
2. Utredningen skal synliggjøre ulike modeller og framtidig struktur for Nome. Det skal synliggjøres modeller som viser sammenslåing hvor hele eller deler av Nome blir sammenslått med andre kommunar, også at Nome blir delt og slått sammen med andre kommunar i to retninger.
3. Utredningen skal synliggjøre mulige gevinster og mulige ulemper ved de ulike modellene. Inklusiv Nome som egen kommune.
4. Utredningen skal foreligge til 01.04.2015
5. Når utredningene foreligger inviteres det til folkemøte i Lunde og Ulefoss.
6. Kommunestyret ber rådmannen igangsette arbeidet med gjennomføring av en spørreundersøkelse blant Nomes innbyggere i henhold til utredningsoppdrag mottatt fra Kommunal- og moderniseringsministeren. Det bør innhentes tilbud fra flere leverandører av spørreundersøkelsen.

Seljord har parallelt med Lifjell rundt vedteke å vere med i forstudie for Vest-Telemark.

Politisk vedtak i Seljord kommune 12.12.13:

“Seljord kommune ser positivt på ei kommunareform som fører til at talet på kommunar i Noreg vert redusert samstundes som det vert skapt meir robuste kommunar. I ein ny kommune må dei kommunale tenestene leverast desentralisert der folk treng dei. For å oppnå ei effektiv og god leiing må leiing sentraliserast. Seljord kommune er open for å sjå breidt på aktuelle kommunar å slå seg saman med, men Vest-Telemark er prioritert i fyrste omgang.”

Politisk vedtak i Seljord kommune 13.2.14

“Seljord kommune er positiv til å delta i ein forstudie om kommunareform med kommunane i regionen rundt Lifjell. Seljord kommune vil også delta i forstudiar om andre alternativ dersom nabokommunar ynskjer å gå inn i slikt arbeid. Formannskapet vil ta stilling til dei økonomiske tilhøve i kvar studie dersom det er naudsynt med tilleggsløyvingar.”

Hjartdal kommune er positiv til å delta i andre forstudier om kommunesamanslåing dersom andre konstellasjonar av nabokommunar ønskjer å gå inn i eit slikt arbeid.

Notodden har eit alternativt vedtak dersom Lifjell rundt skulle strande, så ynskjer dei å ta kontakt med Kongsberg.

Kva som skjer av vedtak i omliggande kommunar kan også få innverknad på desse ulike scenaria i den vidare politiske handsaminga.

ØKONOMI

Avklare økonomiske tilhøve for den enskilde kommune og den nye kommunen i grove trekk

Vedlegg: Berekning av nye inntektsrammer etter KS modellen.

Hovudprinsippet for økonomi i staten sine føringar er at kommunar som slår seg saman kan behalde det såkalla inndelingstilskotet i 15 år. Deretter vert dette gradvis trappa ned over dei neste 5 åra. For Lifjell rundt alternativet utgjer dette ca 71,5 mill kr årleg.

Eingongsstøtte til reformarbeid vil utgjere kr 25 mill og støtte til eingongskostnader vil utgjere kr 55 mill. Altså vil Lifjell rundt motta 80 mill kr i eingongstilskot for å gjennomføre ei kommunesamanslåing ved dette alternativet.

Det er varsla at inntektssystemet til kommunane skal reviderast i 2016. Dette kan påvirke dei økonomiske rammene i framtida. Likevel må vi kunne legge desse rammene for kommunesamanslåing til grunn for å vurdere dei finansielle verknadene i denne saka.

KMD varslar også at dei vil støtte gjennomføring av spørjeundersøking til innbyggjarane med kr 100 000 pr kommune i utgreiingsfasen før kommunestyra gjer vedtak.

Andre økonomiske verknader

Konsesjonskraft og eigarskap til kraftverk:

Det er henta inn tal frå 2013 kva kommunane har fått i inntekter frå kraftverk og konsesjonskraft. Nome, Bø og Sauherad presiserer at utbytte frå eigarskap var ekstraordinært høgt i 2013. Difor er brukt tal for 2014 som normalår.

Men samla har altså kommunane henta ut vel 72 millioner kr årleg eller samla om lag 2300 kr pr innbyggjar. Det er nokre skilnader mellom kommunane men det er likevel i stor grad bidrag frå alle kommunar relativt etter folketal.

	Eigedomsskatt på kraftverk	Konsesjonskraft	Utbytte frå eigarskap i vasskraft
Bø	0,001 mill	0,2 mill	4,6 mill*
Hjartdal	9,45 mill	7,45 mill	0
Nome	5,6 mill	1,7 mill	5,8 mill*
Notodden	18 mill	4,25 mill	1 mill
Sauherad	0	0,6 mill	3,1 mill*
Seljord	7,5 mill	7,2 mill	1,9 mill

* 2014

Eigedomsskatt

Seljord har i dag berre eigedomsskatt på verk og bruk. Altså ikkje på private bustader og hytter. Dei øvrige kommunane i Lifjell rundt har i dag eigedomsskatt på all fast eigedom. Ein ny kommune vil måtte harmonisere bruk av eigedomsskatten likt over heile kommunen. Det vil formelt vere opp til det nye kommunestyret å bestemme, men det er vel høgst truleg at dette ville bety at også Seljord ville bli omfatta av eigedomsskatt i den nye kommunen. Overgangsordningar er mogelege ref dept.

Kommunale avgifter

Kommunale avgifter varierer mellom kommunane. Desse avgiftene blir rekna ut etter kostpris, altså kommunens kostnader med å få tenestene til feiing, vatn, avløp og renovasjon produsert. Eigedomsskatten kan også variere etter vilkår og promillesats. For den enkelte kommune er avgiftsnivået for ein gjennomsnittsinbyggjar slik i dag: Ein gjennomsnittsbustad over 60m² med ei pipe, 6000 kr i eigedomsskatt og standard renovasjonsordning kostar ifølge data frå kommunane dette i 2014:

	Årskostnad inkludert mva. og evt. eigedomsskatt
Bø	Kr. 17 683
Hjartdal	Kr. 24 148
Nome	Kr. 21 095
Notodden	Kr. 14 234
Sauherad	Kr. 18 033
Seljord	Kr. 11 150

Ein ny kommune har beslutningsmyndighet til å bestemme korleis sjølvkostprinsippet skal bereknast. Det fins heimel i lovgrunnlag til å differensiere dersom ein del av kommunen har klårt lågare kostnader til dømes til vassforsyning, så kan denne delen behalde lokal berekning som grunnlag for slike avgifter. Dette betyr at det kan vere mogeleg og lovleg å behalde ulike renovasjonsordningar som gjev ulik renovasjonsavgift.

Nøkkeltall fra rekneskapen 2013 samla for Lifjell rundt og kommunevis.

Driftsresultat og lånegjeld

KOMMUNEØKONOMI


DRIFTSRESULTAT OG LÅNEGJELD

Netto driftsresultat er hovedindikatoren for den økonomiske balansen i kommuner og fylkeskommuner. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskudd etter at renter og avdrag er betalt, og er et uttrykk for hva kommuner har til disposisjon til avsetninger og investeringer.

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fratrasket utlån og ubrukte lånemidler, i prosent av brutto driftsinntektene for samme kommune.


Tallene er hentet fra KOSTRA 2013.

NETTO DRIFTSRESULTAT 2013



SAMLET



NETTO LÅNEGJELD 2013



SAMLET

Kommune	NETTO DRIFTSRESULTAT 2013	NETTO LÅNEGJELD 2013
Samlet	0,7%	78,8%
Nome	0,2%	67,7%
Bø (i Telemark)	4,0%	95,7%
Sauherad	1,0%	73,2%
Seljord	0,7%	68,9%
Hjartdal	-1,3%	29,7%
Notodden	-0,5%	89,9%



Driftsinntekter



Alle tal i 1000 kr.

Kommune	PER INNBYGGER	SUM FOR KOMMUNEN
Samla	Kr. 83	Kr. 2 822 958
Nome	Kr. 90	Kr. 597 223
Bø (i Telemark)	Kr. 81	Kr. 474 504
Sauherad	Kr. 81	Kr. 349 249
Seljord	Kr. 86	Kr. 257 457
Hjartdal	Kr. 100	Kr. 160 649
Notodden	Kr. 78	Kr. 983 876

Akkumulert underskudd





Alle tal i 1000 kr.

Bø har nedbetalt 8 mill kr på akkumulert underskot.

Kommune	PER INNBYGGJAR	SUM FOR KOMMUNEN
Samla	Kr. -1	Kr. -25 804
Nome	Kr. 0	Kr. 0
Bø (i Telemark)	Kr. -3	Kr. -16 280
Sauherad	Kr. -2	Kr. -9 524
Seljord	Kr. 0	Kr. 0
Hjartdal	Kr. 0	Kr. 0
Notodden	Kr. 0	Kr. 0

Fondsavsetninger



Alle tal i 1000 kr.

Bø har brukt fondet til nedbetaling av tidligere års underskot.

Kommune	PER INNBYGGJAR	SUM FOR KOMMUNEN
Samla	Kr. 1	Kr. 37 728
Nome	Kr. 1	Kr. 5 419
Bø (i Telemark)	Kr. 1	Kr. 8 511
Sauherad	Kr. 0	Kr. 621
Seljord	Kr. 2	Kr. 4 590
Hjartdal	Kr. 5	Kr. 7 664
Notodden	Kr. 1	Kr. 10 923

GJENNOMFØRING


Greie ut prosess for gjennomføring til og med etablering av ein ny kommune. Klargjere korleis heile prosjektet kan gjennomførast.

Forstudierapporten skal ligge føre 15. november 2014. Då tek kommunane denne opp til politiske drøftingar og tek politisk stilling til vegval vidare i prosessen. Frå regjeringa er det skissert to ulike løp for framdrift. Det er [inndelingslova](#) som regulerer dei formelle delene av denne prosessen.

Regjeringa har også lagt ut ein rettleiar for prosess.

Frå inndelingslova og stortingsmeldinga kan vi hente ut fristane for å gjere vedtak i kommunestyra. Ut frå desse har vi skissert følgjande prosessar:

Prosess



Oppsummert må då eit forprosjekt etter denne modellen innehalde:

Vurdering av korleis nye oppgåver skal handsamast.

Detaljert utgreiing.

Innbyggjarhøyring.

Avsluttast med lokale vedtak om samanslåing.

Fylkesmannen kallar inn til felles kommunestyremøte

Sentralt vedtak i form av kongeleg resolusjon (løp1) eller vedtak i Stortinget (løp 2)

Kommunar som ynskjer å slå seg saman må gjere to vedtak:

1. Vedtak om at kommunane ynskjer å slå seg saman.

Eit slikt vedtak kan vera relativt kortfatta, men må vera klart og tydeleg på at kommunane ynskjer å slå seg saman.

Etter at kommunane har fatta vedtak om at dei ynskjer å slå seg saman, skal fylkesmannen i samråd med departementet, kalle inn til eit felles kommunestyremøte. Det går fram av inndelingslova § 25 kva for punkt som skal drøftast på fellesmøtet:

- Forslag til namn på den nye kommunen.
- Talet på medlemmar i det nye kommunestyret.
- Kriterier for samansetjing av og funksjonar til felles nemnd etter § 26 i inndelingslova.
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre samanslåinga.

2. Etter at punkta i § 25, og eventuelt andre spørsmål er diskutert i fellesmøtet, skal dei einskilte kommunestyra stadfeste semje i kommunestyrevedtek.

Framdrift

Løp1

Forutset mellom anna lokal semje mellom alle dei berørte kommunane , inga deling av kommunar eller grensejusteringar, ingen kommunar som berører fylkesgrenser involvert. Forslaget skal vere grunngeve i tråd med dei faglege krava i stortingsmeldinga.

I løpet av hausten 2015 må det gjerast kommunestyrevedtak som pliktar kommunen til å søkje samanslåing med ein eller fleire andre kommunar. For eksempelet Lifjell rundt må då alle seks kommunestyra gjere likelydande vedtak for at prosessen kan starte. Før kommunestyra gjer vedtak skal saka greiast ut med ulike alternativ som skal gjerast kjent for innbyggjarane. Innbyggjarane skal høyrast i saka før vedtak.

Etter kommunestyrevedtak skal denne søknaden tilrådest av fylkesmannen og det kan gjerast formelt vedtak av regjeringa våren 2016.

Ved vedtak i regjeringa våren 2016 er det mogeleg å velje eit nytt kommunestyre til den nye kommunen ved ekstraordinært kommuneval i 2017 samtidig med Stortingsvalet. Ein ny kommune kan då vere operativ frå 1.1.2018. Dei tilsette vil arbeide i dei gamle kommunane heilt fram til 31.12.2017 og gå over til ny kommune ved same årsskiftet 1.1.2018.

Løp 2

Det vil vere ulike årsaker til at prosessen vil kunne følgje løp 2. Der kommunar har litt ulike vedtak, seier nei til kommunesamanslåing, har ynskje om grensejustering eller deling av kommunar eller der nye kommunesamanslåingar går over fylkesgrenser, så må desse følgje alternativ 2. Dels er dette heimla i inndelingslova og dels framgår dette av stortingsvedtaket om prosessen som skal gjennomførast.

Dei kommunane som kjem inn under alternativ 2, vil bli med i fylkesmannen si samla vurdering over fylket, og deretter inngå i regjeringas forslag til heilskapleg kommunestruktur som skal leggast fram for Stortinget våren 2017.

Vurdering:

«Lifjell rundt» er et sjølvstendig, konsistent og realiserbart alternativ som byggjer på at alle kommunane vedtek tilslutning, utan deling og utan grensejusteringer. Dersom alle kommunane vedtek å gå vidare inneber det altså at den nye kommunen kan realiserast etter alternativ 1.

Tilråding:

Når forstudierapporten vert handsama i kommunane må dei ta stilling til om dei vil gå vidare i utgreingsfasen for prosjektet Lifjell rundt, altså frå forstudie til forprosjekt.

AVKLARE KORLEIS INNBYGGJARANE SKAL INVOLVERAST

Inndelingslova som regulerer dei formelle prosessane ved kommunesamanslåingar, grensejustering eller deling av kommunar, legg dei juridiske rammene for kva for prosessar som må gjennomførast.

I lova vert det slege fast at innbyggjarane skal høyrast i slike saker – sitat :

§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

Det er altså kommunestyret som pliktar å høyre innbyggjarane før dei gjer vedtak i spørsmål om kommunesamanslåing, grenseendring eller deling. Det er samstundes kommunestyret som vel kva form for høyring som blir valt. Formell høyring må altså skje i forprosjektfasen jfr forrige avsnitt om prosess.

Kommunal og moderniseringsdepartementet har varsla at dei vil utarbeide eit særskilt framlegg til spørjeundersøking som kommunane kan velje å ta i bruk.

Kommunar som gjer dette vil også få kr 100 000 som skal dekke kostnaden med gjennomføring av ei slik spørjeundersøking.

Tilråding:

Kommunestyret må på eit tidspunkt velje korleis den formelle høyringsprosessen i forprosjektfasen skal skje i kvar kommune, og når i forprosjektfasen det skal gjennomførast.

Vurdere stortingets forslag til kriterier opp mot områda:

TENESTEYTING

MYNDIGHETSUTØVELSE

SAMFUNNSUTVIKLING

DEMOKRATISK ARENA

Kriterier som skal vurderast er tilstrekkeleg kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkeleg distanse, effektiv tenesteproduksjon, økonomisk soliditet, valfridom, funksjonelle samfunnsutviklingsområde, høg politisk deltaking, lokal politisk styring og lokal identitet.

TENESTEYTING

Det skal leggjast vekt på følgjande samfunnsmessige omsyn:

- Kvalitet
- Effektivitet
- Likeverd

Dei kriteria som tenesteyting skal vurderast etter er:

- Kapasitet
- Kompetanse
- Effektivitet
- Økonomisk soliditet
- Valfridom
- Statleg rammestyring

Større kommunar gjev meir ressursar til utvikling av tenesteområda

Alle seks kommunar har i dag ein skule/barnehagesjef, ein helse/omsorgssjef, ein teknisk sjef, ein personalsjef og ein rådmann eller tilsvarende funksjonar. Einingsorganiseringa varierer mellom kommunane. I tillegg er det i nokre kommunar eigne fagstillinger som har kompetanse og kapasitet til å drive tenesteutvikling for sin sektor. Men stort sett ser ein at reine fagutviklingsstillinger i dei store tenesteområda skole og helse er det lite eller ikkje ressursar til i små kommunar.

Slår ein saman seks kommunar vil altså fem av seks slike faglege leiarstillinger kunne omdisponerast frå rein administrasjon til meir fagleg utviklingsarbeid. Ved å slå saman desse seks kommunane vil ein få frigjort stillingar med høgt kompetente folk som i dag driv styring og administrasjon til å kunne bidra til fagleg tenesteutvikling i sine sektorar. Når ein samanslegen kommune beheld inndelingstilskota i 15 år er desse stillingane i utgangspunktet finansierte. Altså vil ein samanslegen kommune kunne få økonomisk soliditet til å kunne velje å satse meir på fagleg tenesteutvikling og kompetansebygging i fagavdelingane. Dette illustrerer den sterkaste effekten av å slå saman kommunar knytt til styrke evne til å produsere fagleg gode tenester på alle tenesteområder.

Effektiviseringspotensiale ved kommunesamanslåing

Som vist i forrige avsnitt er det truleg lite potensiale for effektivisering gjennom store struktur- endringar på dei store tenesteområda. Skule, barnehage og pleie/omsorgstenester er dei største områda som kommunane leverer tenester på. Og desse må leverast i hovudsak der folk bur.

Men på administrasjon vil det sjølvsagt vere noko å effektivisere gjennom kommunesamanslåing.

Ser ein på Kostratal for administrasjon (netto driftsutgifter for funksjonane 100 Politisk styring og kontrollorganer, 110 Kontroll og revisjon, 120 Administrasjon, 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen og 130 Administrasjonslokaler) samla for dei seks kommunane og delt på samla innbyggjartal så ligg administrasjonskostnaden i dag klart over både kommune-gruppe 11 (som Notodden tilhøyrer) og landsgjennomsnittet. Om ein effektiviserer administrative funksjonar ned til desse nivåa vil ein då omdisponere mellom 20 og 35 millionar kroner pr år til administrasjon. Desse ressursane kan altså eit nytt felles kommunestyre bruke til tenesteproduksjon og tenesteutvikling i staden.

Landssnitt i 2013 – 3792kr pr innbyggjar.

Kommunegruppe 11 i 2013 – 4254

Porsgrunn i 2013 – 2917

Nedre Eiker i 2013 – 3085

Ringerike i 2013 – 3848

Lifjell rundt administrasjonskostnad samla i 2013 – 4842 pr innb

Nome i 2013 - 5115

Bø i 2013 - 4526

Sauherad i 2013 - 5337

Notodden i 2013- 3613

Hjartdal i 2013 - 10573

Seljord i 2013 - 6249

Ein større kommune vil også få effekt av sterkare fagmiljø på administrative fellesfunksjonar som lønn, personal, fakturering, regnskap, innkjøp og skatteoppkreving.

Kva med NAV ?

I dag er det bestemt nasjonalt at det skal vere eitt NAV kontor i kvar kommune. NAV kontora har tenester både frå statleg sektor og for kommunesektoren. Med ny kommunestruktur vil denne avgjerda seie at det kan bli færre NAV kontor enn i dag. Det er i forstudiet ikkje greidd ut om dette betyr berre eitt kontor eksempelvis Lifjell rundt. I forprosjektfasen vil ein måtte vurdere om dette er hensiktsmessig ut frå framtidig tenestebehov og servicenivå eller om det vil vere aktuelt å legge servicefunksjonar frå NAV på fleire stader utfrå eksempelvis krav til reiseavstand frå bopel til eit slikt kontor. Formelt vil dette nok i stor grad vere opp til det nye kommunestyret å avgjere, men her kan det også komme statlege føringar som påverkar dette.


Interkommunalt samarbeid – status Lifjell rundt i dag – og korleis blir dette påverka av forslag til ny kommune Lifjell rundt?

Generelt

Interkommunale samarbeid oppstår på område der kommunen har ei oppgåve eller eit forvaltningsansvar som er så spesialisert at det ikkje blir noko fagmiljø i den enkelte kommune. Kravet til storleik på dette fagmiljøet varierer etter type kompetanse og oppgåve. Men i alle fall vil vi ha ein del samarbeid som i dag dekker heile Telemark eller til og med kommunar frå

fleire fylke. Disse vil stort sett forbli uendra av ny kommunestruktur. Men tyngre tenestesamarbeid mellom to eller fleire kommunar i eksisterande regionsamarbeid vil bli sterkt påverka av ny kommunestruktur. Vi vil i dette avsnittet belyse kva dette vil seie for den enkelte kommune ut frå scenariet Lifjell rundt som ny kommune. Kommunalt eller interkommunalt eigde selskap vil ved kommunesamanslåing overføre aksjane frå samanslåtte kommunar til den nye kommunen. Den/dei nye eigarane vil så måtte ta stilling til eigarskap og formål for slike selskap for framtida.

Frå Telemarksforskning R5/2001 er det illustrert tilhøvet mellom interkommunale samarbeid og kommunesammenslåing.



Alle seks kommunane deltek i mange interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon. Nokre er omfattande forpliktande gjennom vertskommunelova §28, AS eller IKS. Nokre mindre forpliktande gjennom avtalar om konkrete tenester, og nokre prosjektbaserte utviklingsprosjekt eller samarbeid om kjøp av IKT programvare. I grove trekk kan ein seie at dei fleste interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon enten følgjer dei eksisterande regionsamarbeida, eller dei er meir omfattande, altså samarbeid der alle kommunane i Telemark i stor grad samarbeider om same teneste. Eitt unntak er legevaktsamarbeid som følgjer inntaksområde for sjukehusa.

Gjennom [intern kartlegging](#) av alle desse samarbeida får vi fram følgjande oversikter:

Bø – deltek i regionrådssamarbeid i Midt-Telemarkrådet, og er med i tenestesamarbeid på til saman 20 områder. Av desse vil 16 truleg inngå i scenariet Lifjell rundt som ein kommune. Dei andre fire samarbeider kommunen med endå fleire kommunar og vil truleg gjere det i framtida.

Hjartdal – deltek i regionrådssamarbeid i Kongsbergregionen, og er med i ei rekkje tenestesamarbeid med Notodden, til saman 20 område, av desse vil 15 naturleg blir løyst innanfor Lifjell rundt.

Nome – deltek i regionrådssamarbeid i Midt-Telemark, og er med i 20 interkommunale samarbeid. Av desse er det 12 som blir naturleg innlemma i Lifjell rundt scenariet.

Notodden – deltek i regionrådssamarbeid med Kongsbergregionen, og er med i ei rekkje - 18 -tenestesamarbeid. Dei fleste i form av å levere tenester til Hjartdal. Men IKT strategi og IKT drift er eit forpliktande samarbeid i Kongsbergregionen. 13 -14 av samarbeida i Notodden vil bli løyst i eigen kommune ved Lifjell rundt-scenariet.

Sauherad – deltek i regionrådssamarbeidet i Midt-Telemark, og er med i 21 tenestesamarbeid. Av desse vil 16 bli innlemma i Lifjell rundt.

Seljord – deltek i regionrådssamarbeidet i Vest-Telemark, og er med i 15 tenestesamarbeid med andre kommunar. Av desse er det to som blir automatisk innlemma ved Lifjell rundt scenariet. For ni interkommunale samarbeid som Seljord i dag har i Vest-Telemark vil seks vere høgst aktuelle å hente inn i scenariet Lifjell rundt.

Dei ulike tenesteområda kommunane samarbeider om, med vurderingar:

Generelt kan vi slå fast at dei fleste interkommunale samarbeida som Bø, Nome og Sauherad deltek i, er med kvarandre i Midt-Telemark. I tillegg til lovpålagde tenesteområde har også Bø, Nome og Sauherad samarbeid om felles næringsutviklingsselskap og felles satsing på destinasjonsselskap for reiselivet. Seljord har flest samarbeid i Vest-Telemark. Og Notodden og Hjartdal har mange samarbeid der Notodden leverer fagtenester til Hjartdal.

Så deltek dei fleste kommunar i Telemark i spesialiserte interkommunale samarbeid som Krisesenter, Incenstsenter, Interkommunalt arkiv, Telemark kommunerevisjon, Kontrollutvalgssekretariat og Beredskap mot akutt forureining. Slike tenester vil nok kommunane i Telemark, Vestfold, Buskerud og kanskje Agder framleis samarbeide om etter ny kommunestruktur.

I Kongsbergregionen har alle dei sju kommunane strategisk og operativt samarbeid om IKT i kommunane. I Midt-Telemark har ein tilsvarande for dei tre kommunane. I Vest-Telemark har ein strategisk IKT samarbeid i regionrådet. Dette indikerer at utviklinga for IKT samarbeid kanskje går lenger enn det ny kommunestruktur kjem til å omfatte. I alle fall på det strategiske området. Dette vil truleg bli eit område der det framleis blir behov for interkommunalt samarbeid også med ny kommunestruktur.

IKT-system når det gjeld lisensar for bruk av både tekniske og administrative styringssystem samt fagsystem i kommunane er i dag anskaffa og lisensiert etter dagens forvaltningsorganisering. Ein samanslegen kommune kan ikkje berre ta i bruk det som dei gamle kommunane bruker, men må gjennom ny anskaffing kjøpe dei lisensar og system som trengs for å drifte den nye kommunen. Desse må så settast i drift i eit teknisk driftsmiljø som enten blir bygt i den nye kommunen eller kjøpt/leigd av andre.

Men for dei tenesteutøvande områda som leverer direkte til innbyggjar vil mange interkommunale samarbeid som kommunane i dag deltek i, naturleg bli avløyst av ein ny kommuneorganisasjon etter Lifjell rundt scenariet.

På dei områda der alle kommunane deltek i interkommunale tenestesamarbeid med sikte på å få effekt av eit større fagmiljø vil ikkje kommunesamanslåing gje særleg større fagmiljø. Men styringsmodellen – eitt kommunestyre i staden for tre eller seks ulike – blir enklare.

MYNDIGHETS- UTØVING

Det skal leggst vekt på følgjande samfunnsmessige omsyn:

Rettstryggleik

Kriterier for på oppnå dette:

Kapasitet

Kompetanse

Tilstrekkeleg distanse

Juridisk og fagleg solid saksbehandlerkompetanse, sårbarheit i kompetansekvjande stillingar.

Kommunen har ansvar for offentlig forvaltning av ei lang rekkje lover, både lover som gjev innbyggjarane rett til tenester, og lover som regulerer kva innbyggjarar og næringsliv kan gjere av tiltak.

Med ei utvikling av stadig nye slike forvaltningsoppgåver som kommunane får ansvaret for, kombinert med stadig meir finmaska lowerk, krev det omfattande kompetanse på mange lov-område. I små kommunar er det ei utfordring å etablere så breie kompetansemiljø at innbyggjarane vert sikra fagleg rett sakshandsaming i tråd med lovkrav. Fagstillingar som består av ein person eller til og med del av eit årsverk i ein kommune vert svært sårbart når denne personen sluttar eller det oppstår fråvær eller vakanse av andre grunnar. I større kommunar med fleire saker blir slike fagmiljø meir robuste. Av dei kommunane som deltek i denne forstudien er det fleire som har berre ei stilling eller mindre til byggesaksbehandling og til planarbeid i kommunane til dømes.

Nye område – spesialiserte tilsynsoppgåver mv krev stadig kompetanse og til dels spisskompetanse av kommunane på stadig nye felt. Dette er ei av utfordringane som mindre kommunar i dag opplever som problematiske med små ressursar og stadige nye krav til lovforvaltning.

SAMFUNNS- UTVIKLING

Det skal leggest vekt på følgjande samfunnsmessige omsyn:

Heilskapleg areal og transportplanlegging i tråd med nasjonale og regionale mål.

Tilrettelegge for utvikling av lokalsamfunnet og storsamfunnet.

Kriterier for å oppnå dette:

Funksjonelle samfunnsutviklingsområde

Kapasitet

Kompetanse

Er Lifjell rundt eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde?

Infrastruktur

Ein viktig europaveg E 134 går gjennom regionen. RV 36 bind E 134 saman med E18 gjennom regionen. Sørlandsbanen gjev jernbanetilbod gjennom store deler av regionen. Ein kommunal flyplass med rutetrafikk og ein privat klubbeigd flyplass med fritidsflyging i regionen.

Telemarksvassdraget gjev regionen tilgang til havet gjennom vassvegar.

Industri

Lifjell rundt vil ha store utviklingsmogelegheiter for moderne norsk fastlandsindustri. Også geografisk ligg det til rette for tenesteytande næringsliv retta mot hovudstadsmarknaden. Næringslivet i dag utfyller kvarandre og gjer regionen lite utsett for svingningar i enkeltbransjar. Likevel har heller ikkje regionen nokon stor andel bedrifter i typiske vekstbransjar, noko som i stor grad forklarar at veksten i arbeidsplassar er lågare enn landsgjennomsnittet.

Lifjell rundt som turistdestinasjon?

Alle fyrtårnattraksjonane i Telemark ligg i denne regionen.

Sommarland

Bluesfestivalen

Dyrskun og sjøormen

Telemarkskanalen

Gaustadtoppen

Lifjell rundt som kompetanseregion?

I kommunane ligg det i dag vidaregåande skular, to avdelingar av Høgskulen i Telemark samt forskningsinstitusjonar. Det vert gjeve tilbod om utdanning i eit breidt spekter til ungdom som veks opp i distriktstelemark, nettopp frå utdanningsinstitusjonar som ligg i denne regionen. Desse kompetansemiljøa er viktige leverandørar av både utdanna folk og kunnskap til samfunns- og næringsliv i regionen.

Funksjonell?

Denne oversikten viser ein region med mange ressursar og mogelegheiter for samfunnsutvikling. Reint planøkonomisk vil det vere fullt mogeleg å planlegge og drifte kommunale tenester og regionale utviklingstiltak i denne regionen.

Om den er funksjonell vil difor ofte bli eit politisk spørsmål. Vil befolkning og kommunestyre i ein slik ny kommune stå samla om utviklingsstrategiar for ein slik region? Eller er det geografiske eller kulturelle sperrer for å kunne få til dette med god lokalpolitisk forankring. Dette må politikarane svare på.

Kommunen som samfunnsutviklingsaktør

Av kartlegginga av kommunane sin kapasitet til samfunnsutvikling og næringsutvikling ser vi at kommunane Lifjell rundt kvar for seg har relativt få årsverk knytt til overordna strategisk planarbeid.

Næringsutviklingsarbeidet er i Midt-Telemark samla i eit felles selskap som kommunane finansierer over driftsbudsjettet med litt over 2 faste stillingar. I Notodden er NUAS finansiert gjennom næringsfond med 3-4 stillingar. I Hjartdal er det 0,5 årsverk til næringsutvikling og i Seljord er det 0,5 årsverk til dette. Altså mange små fagmiljø. Midt-Telemark har samla landbruksforvaltninga i eit felles landbrukskontor for dei tre kommunane samlokalisert med andre fagmiljø for landbruk. Landbruksforvaltninga i Seljord inngår i kultur, næring og landbruksteam, Hjartdal og Notodden er organisert inn i teknisk etat/arealforvaltning.

Samla er det likevel meir enn 10 årsverk Lifjell rundt som arbeider med plan, samfunnsutvikling og næringsutvikling. Desse fagmiljøa er i dag kvar for seg små og sjølvstøtt då med avgrensa kompetanse kvar for seg. Ved å samle slike stillingar i eit større fagmiljø i ein samanslått kommune vil ein ha gode mogelegheiter for meir samansett kompetanse og dermed større evne til å løyse samfunnsutviklingsoppdrag for eit større område enn med dagens kommunestruktur.

Næringslivet Lifjell rundt består av ulike bransjar som har ulike utviklingstrender. Tradisjonelle industrikommunar som Nome og Notodden mister arbeidsplassar de siste ti årene på grunn av store omstillingar i tradisjonell norsk landbasert industri. Småsamfunn som Bø og Seljord har ein sterk vekst i arbeidsplassar dei siste åra, både innanfor handel, service, tenesteytande og faktisk også på industriarbeidsplassar. I Midt-Telemark har landbruket gått mot straumen og auka sysselsettinga dei siste åra. På mange måtar kan ein seie at ei slikt samansett næringsliv som har ulike trendar for utvikling utfyller kvarandre. På den måten at der ein kommune får nye arbeidsplassar, kan det sysselsetje innbyggjarar i nabokommunen som kanskje misser nokre arbeidsplassar same året. Svakheten er at vi ikkje får full uttelling i ein av bransjane som går oppover når det skjer.

Geografisk har alle Lifjell rundt kommunane det til felles at vi ligg i randsona rundt Storgrenland og Kongsberg. Dette er begge viktige arbeidsmarknader for våre kommunar og enten vi er enkeltkommunar eller ein samanslegen kommune vil våre innbyggjarar ha arbeidsmarknadene i Kongsberg og Grenland som ein del av vår totale arbeidsmarknad. Samtidig vil også handel og servicetilbod i desse byane vere konkurrentar til våre lokale handels- og servicetilbod til eigne innbyggjarar og tilreisande.

Utvikling av lokalsamfunnet og storsamfunnet

Ved ein samanslegen Lifjell rundt kommune vil eitt kommunestyre vere planmyndighet som avgjer om bygging, tettstedsutvikling, infrastruktur og arealpolitikk for heile området. Dette gjev større beslutningskraft enn om mange små kommunar må samarbeide om felles arealpolitikk. Eksempel på at det er mogeleg finst likevel – Bø og Sauherad har samarbeidd både om arealdisponering og utbygging av felles næringsareal på grensa mellom dei to kommunane. Arealet ligg fysisk i Sauherad, men også Bø har bidrege med investeringsmidlar og arealpolitikk.

Lifjell rundt består av Notodden som største by/tettstad med 8800 innbyggjarar. Bø, Ulefoss, Lunde, Seljord og Gvarv er også tettstader med fra ca 1000 innbyggere opp mot 3000. I kommunane elles er Akkerhaugen, Sauland, Nordagutu og Hjuksebø definert som tettsted i gjeldande kommuneplanar. Desse har mellom 3 til 400 innbyggjarar kvar.

Tettstad	Innbyggjarar i tettstaden
Notodden	8762
Bø	2982
Ulefoss	2726
Lunde	1506
Seljord	1278
Gvarv	980

Ein ny Lifjell rundt kommune må planlegge for utvikling av alle desse tettstadene for å lykkast med vidare vekst i næringsliv og folketal. Eit viktig spørsmål å ta med seg i drøftinga om ny kommunestruktur er difor korleis ein ynskjer å planlegge for å lykkast med dette.

Nome har Lunde og Ulefoss som tidlegare var sjølvstendige kommunar og som nå har vore ein kommune i 50 år. Eksempelen Nome viser at det framleis er spenningar i befolkningen mellom tettstadane. Identiteten er knytt til bustad, ikkje til kommunenamn. Men sjølv om kommunesenteret vart lagt til Ulefoss har befolkningsutvikling og næringsutvikling i Lunde vore i sterkare vekst enn på Ulefoss. Altså er også andre krefter enn kommunesenter viktig for vekst og samfunnsutvikling.

Kan vi av desse erfaringane vite kva som skjer med 5 av dei 6 tettstadane Lifjell rundt som ikkje vert kommunesenter? Vil den nye kommunen klare å få alle 6 tettstadane til å vekse vidare? Og dei mindre grendene? Uansett om den nye kommunen prioriterer bustadbygging anten hit eller dit i den nye kommunen, vil attraktiviteten til kvar tettstad bety mykje for om det faktisk blir bygt nye bustader der.

Eitt døme på slike utfordringar er tildeling av tippemidlar til idrettsanlegg og kulturanlegg. I dag er det eit idrettsråd i kvar kommune som prioriterer idrettsanlegg. Det blir difor viktig at ein i framtidig struktur tek omsyn til alle delar av den nye kommunen ved slike tildelingar. På same vis blir det viktig at frivillige lag og foreningar får rammevilkår til å drive frivillig arbeid utifrå der dei bur og ikkje etter kommunegrenser. Med større kommunar blir desse faktorane endå viktigare enn i dag å ta hensyn til.

Tre moglege scenarier for lokalisering

Det er også sjølvsagt viktig for tilsette og kanskje også for innbyggjarane kor dei kommunale leiarfunksjonane vert lokaliserte. Telemarksforskning har lansert ein modell som illustrerer kva val ein har i ein slik samanslåingsprosess.

Samlokaliseringsmodell

Lokaliserer alle kommunen sine administrative oppgåver til ein stad.

Stordriftsfordelar, større fagmiljø, men mindre tilgjengelegheit og lengre reiseavstand for nokon.

Funksjonsdelingsmodell

Samlar saman oppgåver som naturleg høyrer saman. T.d. vert økonomi, rekneskap og lønn plassert i ein kommune, barnevern i ein kommune, kulturadministrasjon i ein o.s.v.

Bra for å etablere kompetansemiljø, men mindre stordriftsfordelar.

Desentralisert modell

Administrasjon og tenesteproduksjon vert vidareført om lag slik dei er i kommunane i dag.

Bra tilgjengelegheit, ingen stordriftsfordelar, og lite styrkt kompetansemiljø.

DEMOKRATISK ARENA

Det skal leggjast vekt på følgjande samfunnsmessige omsyn:

- Kommunane skal få betydelige oppgaver og rammestyring
- Lokal politisk styring
- Levande lokalt folkestyre
- Aktiv lokalpolitisk arena

Kriterier for å oppnå dette:

- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet
- Brei oppgåveportefølje
- Statleg rammestyring

Høg politisk deltaking, lokal politisk styring.

Kommunestyra i eksisterande kommunar har frå 17 medlemmer i den minste kommunen til 43 i den største. Samla for dei 6 kommunane er det i dag 164 medlemmer i kommunestyra.

[Kommunelova §7 pkt 2](#) seier at ein kommune med 34000 innbyggjarar må minst ha 27 medlemmer.

I dei minste kommunane er det gjennomgåande færre parti som stiller lister enn i dei større kommunane. Det vert ofte grunngjeve med at småpartia ikkje greier å finne nok namn på personar som er villige til å stå på liste til val av kommunestyre.

Eit spørsmål som er reist er om samanslegne kommunar fører til fleire eller færre bygdelister. Dette er det nok ingen fasit på. Ein samanslegen kommune vil måtte føre til at partia omorganiserer seg til partiorganisasjonar som følgjer dei nye kommunegrensene slik at dei ved nominasjonsprosessar har ein organisasjon som representerer den nye kommunen. Bygdelister er eit demokratisk lovleg verkemiddel som oppstår dersom partia ikkje er flinke nok til å ta omsyn til heile kommunen ved nominasjonar og politiske vedtak, enn som følgje av ny struktur.

Større kommunar har også meir komplekse administrative strukturar og ei større samla økonomisk verksemd å ta ansvar for. Difor har større kommunar i aukande grad gjeve fleire enn ordføraren heil eller delvis løn for politisk arbeid. Dette avgjer det enkelte kommunestyre sjølv. Men dette kan vere ein måte å sikre politisk styring av kommunen ved at eksempelvis utvalsledere i tillegg til ordførar og varaordførar blir heilt eller delvist frikjøpt for å drive politisk styring av kommunen. Ved å gå ned frå 164 til 27 kommunestyrerepresentantar vil den nye kommunen kunne omdisponere midlar til politisk arbeid eksempelvis på denne måten.

Køyreavstandar for deltaking på politiske møter

Ein gjennomgang av interne [reiseavstandar etter](#) veg mellom dei ulike tettstadane Lifjell rundt synet at dei aller fleste interne reiser med bil kan gjennomførast innanfor ein times reiseveg i heile denne regionen. Det reisemessige (køyreavstand) midtpunktet ligg rundt Gvarv ein stad. Der er gjennomsnittleg køyreavstand frå dei andre tettstadene rundt 2 mil. Og ingen har lengre køyreveg enn 7 mil frå dei ytste grendene til Gvarv.

På den andre sida kan ein seie at dersom møte vert lagt til Tuddal vil dei aller fleste innbyggjarar Lifjell rundt få mellom 5 og 8 mil køyreavstand.

Geografisk representasjon til kommuneval vil bli partia sitt ansvar. Partiorganisering vil måtte følgje kommuneorganisering. I motsetnad til frivillig organisering elles som vanlegvis er knytt til bustad.

Lokal identitet

Kva skjer med lokaldemokratiet og den lokale identiteten når fleire mindre kommunar vert slegne saman til ein? KS FOU har sett på forskning knytt til desse tema og laga ein rapport som er nyttig lesnad før ein gjer politiske vedtak i denne type spørsmål.

[Rapporten finn du lenke til her.](#)

Konklusjonane frå dei forskningsprosjekta som der er refererte til, er at det er liten samanheng mellom kommunestorleik og folk sin tillit til lokaldemokratiet. Og det er andre faktorar enn kommunen som er viktig for den lokale identiteten.

Frivillig sektor må hegne om sin lokale identitet i større kommunar. Viktig å skilje kommuneorganisering frå [lokal stedlig identitet](#).

Brei oppgaveportefølje – Statlig rammestyring –

Krev god internkontroll i det kommunale styringssystemet, kapasitet og kompetanse. Krav til kommunestorleik for å få mindre statleg detaljstyring og meir lokalpolitisk styring er ikkje talfesta i stortingsmeldinga. Ekspertutvalet antyder at for å vere tilstrekkeleg bemanna på alle dagens fagområder bør kommunane ha minst 15 000 innbyggjarar. Dersom staten faktisk tilfører nye oppgåver av noko omfang kan det tenkjast at slike «grenser» vert noko høgare.

Uansett vil «Lifjell rundt» vere i stand til å ha gode fagmiljø på alle kommunale tenestoområde og ha mange nok brukarar til at det vert bygt opp tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i vårt område.

FORDELAR OG ULEMPER

Avklare fordelar og ulemper med ei samanslåing

Ved ei samanslåing av to eller fleire kommunar til ein ny kommune vil dette få konsekvensar for både innbyggjarar, lokalpolitikarar, næringslivet, tilsette i kommunane og samarbeidet med andre kommunar.

Her peikar vi på ulike fordelar og ulemper for ulike grupper og interessentar frå våre kommunar.

TEMA

FORDELAR

ULEMPER

Innbyggjarar
som
tenestemottakar

Betre kapasitet og kompetanse i tenesteproduksjon og kommunal forvaltning gjev jevnt over betre kvalitet på tenestene til innbyggjarane. Kommunen blir i større grad i stand til å levere spesialiserte kommunale tenester. Basistenester frå kommunen som barnehage, skule og heimetenester vil leverast der folk bur som i dag.

Enkelte spesialiserte tenester kan bli sentraliserte, altså leverast på færre stader enn i dag i ein større kommune og dermed gje auka avstand til brukarane. Dette vil alltid vere ei avveging i høve til kvaliteten det er mogeleg å levere ved meir desentrale tilbod. Lengste køyreavstand mellom større tettstader Lifjell rundt er 60 km

Næringsliv

Ein større kommune med eit sterkare fagmiljø på samfunnsutvikling og næringstilrettelegging gjev meir forutsigbare rammer for næringslivet. Ein sterkare kommune kan har større påverknad på infrastruktur og rammevilkår for næringslivet. Styrka kompetanse innanfor myndighetsutøving gjev like vilkår for næringslivet

For mindre bedrifter kan det kanskje bli større avstand til «ordføraren». Det blir viktig at den nye kommunen klarer å utvikle befolkning og arbeidsplassar i alle tettstadane i kommunen.

Samarbeid med
andre kommunar

Større kommunar vil redusere behovet for interkommunale tenestesamarbeid om basistenenester. Større kommunar vil ha større styrke i samfunnsutvikling og planlegging i regionalt og nasjonalt perspektiv.

Det vil framleis vere tenesteområder som kommunane har ansvar for som det vil vere hensiktsmessig å samarbeide om. Også ved større kommunar enn Lifjell rundt. Alt interkommunalt samarbeid vil derfor ikkje forsvinne.

TEMA

FORDELAR

ULEMPER

Folketalsutvikling og demografi

Større geografisk einskap med variert næringsliv og busetjing vil kunne ta opp i seg mindre svingningar i marknader og næringar og dermed gje ei jamnare folketalsutvikling. Ser vi på historisk statistikk, så er det slik.

Utfordringa er å ivareta befolkningsutvikling på lang sikt i dei mange tettstadene i ein så vid kommune.

Arbeidsplassutvikling

I Lifjell rundt modellen viser historisk statistikk at arbeidsplassutviklingen i dei enkelte kommunene utfyller kvarandre slik at når nokre kommunar har mista arbeidsplassar har nabokommunane vore alternative arbeidsmarknader.

Innanfor dei kommunale tenesteområda syner framskrivingane for alle kommunane at det blir behov for fleire årsverk i denne regionen dei neste 20 åra.

I den grad dei kommunale kompetansearbeidsplassane blir sentraliserte som følgje av kommune-reforma vil det blir færre av den type jobbar rundt i dei ulike tettstadene.

TEMA

FORDELAR

ULEMPER

Identitet og tilhørighet

I følge [KS sin rapport](#) om kommunestorleik og lokaldemokrati henta frå ulike forskningsrapportar er det liten samanheng mellom kommunestorleik og lokal identitet og stadkjensle.

Lifjell rundt kommunen må ta vare på kvar tettstad i ein større geografisk kommune enn det har vore før. Dette krev bevisste politikarar og administrasjon som sørger for at bulyst og lokalsamfunnsutvikling skjer i heile kommunen. Identitet kan i mindre grad enn i dag samanfalle med kommunenamnet for samtlege innbyggjarar. Frivillig innsats – frivillig sektor er i stor grad knytt til bustad. I kva for bygd eller tettstad ein bur tyder meir enn kommunenamn korleis ein engasjerer seg i frivillig sektor. Det kan alltid vere ein risiko for at den nye kommunen ikkje ivaretek desse omsyna godt nok.

Demokrati

Færre representantar samla gjev mogelegheiter for fleire politikarar med frikjøpt tid. Kan vere lettare å få til lister frå alle/mange parti. Kommunen vert sterkare overfor fylke og stat.

Færre kommunestyrerepresentantar kan gjere det vanskelegare å finne «sin» representant for å tale si sak. Lengre avstand til ordføraren. Det kan oppstå bygdelister. Partia må sørge for geografiske prosessar innanfor partia.

TEMA

Tilhøve for dei
tilsette i kommunane

FORDELAR

Ingen tilsette i direkte tenesteproduksjon vil bli særleg berørt når det gjeld arbeidsoppgåver eller arbeidsstad. Det aller meste av skular, barnehagar, heime-tenester og dei største institusjonane vil i alle fall på kort og mellomlang sikt vere der dei er i dag også etter ei kommunesamanslåing. Ved flytting av stilling frå gammal kommune til ny, vil prinsippet om verksemdsoverdraging gjelde. Kvar einskild tilsette treng altså ikkje vere redd for å miste jobben sin.

ULEMPER

Nokre tilsette i stab, administrasjon og leining vil måtte få ny arbeidsstad ved omorganisering frå seks til ein kommune. Ny leiarstruktur og ny politisk leining vil sjølvstøtt kreve harmonisering av tenestenivå og utvikling av felles arbeidskultur. Dette er prosessar som er krevjande for tilsette å delta i og det er viktig å fokusere på god tilsettoppfølgjing i prosessane.

Bakgrunnsdokument

Alle dokument finn du på midt-telemark.no/mtraadet/prosjekter

Stortingsmeldingen

<http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Kommunestrrelse%20og%20lokaldemokrati%20ny.pdf>

Modell for våre kommunar

<http://www.nykommune.no/#!kommuner/132-133-137-136-127-134>

Beregning av nye inntektsrammer etter KS modellen

http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/BeregningKS_Lifjell%20rundt.pdf

Kommunale avgifter

http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Kommunale%20avgifter%20Lifjell%20rundt_alle.pdf

Inndelingslova

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70?q=inndelingslov>

Vegleiar frå regjeringa

http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Veien_mot_en_ny_kommune.pdf

Intern kartlegging av samarbeid

<http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Interkommunale%20samarbeid%20Lifjell%20rundt.pdf>

Kommunelova §7 pkt. 2

http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107#KAPITTEL_2

Reiseavstandar

<http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Tettsteder%20folketall%20og%20kjrelengder.pdf>

Rapport frå KS - Kva skjer med lokaldemokratiet og den lokale identiteten

<http://www.midt-telemark.no/mtraadet/images/Ressursfiler/lifjell/Kommunestrrelse%20og%20lokaldemokrati%20ny.pdf>

